



– Neimen Torsten, du kan vel ikkje berre **ta** sykkellykt og ringeklokke frå andre sykklar? seier Kåre forferda.

– Kan eg ikkje? seier Torsten.

– Nei, sjølvsagt kan du ikkje det! Det er jo **steling**, og det er strengt forbode, seier Kåre.

– Lyktene og ringeklokkene er mine egne. Eg har berre lånt dei ut til folk, og no treng eg å få dei tilbake.

Marimba synest Torsten er veldig snill som lånar ut sykkeldele til folk. Ho seier at han er ein skikkeleg knupp, og då blir Torsten glad, for det har ingen kalla han før. Han har blitt kalla mykje anna, men aldri **knupp**.